



Norsk Landbruksrådgeving  
Sjusetevegen 27  
5610 ØYSTESE

Dato: 18.12.2014  
Vår ref.: 2014/20763-6  
Saksbehandlar: karnybo  
Dykkar ref.:

## **KLIMAPLAN FOR HORDALAND 2014 TILSEGN OM INNTIL KR 175.000 TIL NORSK LANDBRUKSRÅDGJEVING TIL PROSJEKTET "KLIMAGASSREKNESKAP PÅ GARDSNIVÅ" FOR ÅRA 2014 og 2015**

Vi er glade for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 175.000,- til prosjektet "Klimagassrekneskap på gardsnivå". Dette er eit prosjekt i Klimaplanens handlingsprogram for både 2014 og 2015.

Vi viser til søknaden dykkar datert 15.12.2014. Det er gjort administrativt vedtak innafør budsjettråma for Klimaplan for Hordaland.

### **1. BAKGRUNN**

Husdyrbruk er kjelde til utslepp av klimagassane metan, NO<sub>x</sub> og CO<sub>2</sub> og også utslepp av ammoniakk. Det finnest ikkje norske tal for utslepp av klimagassar i samband med husdyrbruk, men midt på 90-talet gjorde Landbrukets forsøksringar i Hordaland registreringar som gjer at vi her i fylket no har eit talmateriale som kan byggjast vidare på.

### **2. PROSJEKTORGANISERING:**

Prosjektansvarleg blir Liv Lyngstad, Norsk Landbruksrådgeving Hordaland.

Målgruppa for prosjektet er mjølkeprodusentar i Kvinnherad, Voss og Kvam. Om lag 40 mjølkeprodusentar i desse tre kommunane vil få tilbod om systematisk gjennomgang av bruken av N, P og K på garden, analysar og rådgeving gjennom prosjektet.

### **3. PROSJEKTINNHOLD**

2014

I 2014 har aktivitetane vore knytt til utvikling av NLR Kretsløpstolken. Målet er at dette dataprogrammet skal bli eit effektiv og godt verktøy for å gje råd om klimavenleg gjødsling og god næringsstoffbalanse på norske mjølkeproduksjonsbruk. Grunnlaget for NLR Kretsløpstolken er ein modell som alt er i bruk i Nederland. Dataprogrammet er oversett til norsk, og tilpassast norske forhold. Vi ser for oss at mjølkeprodusentar som har analysert drifta ved hjelp av NLR kretsløpstolken skal kunne utarbeide handlingsplaner for gjødslinga med tiltak som gir ein betre næringsstoffbalanse og redusert utslepp av klimagassar og ammoniakk.

#### **Norsk Landbruksrådgeving i Hordaland reknar med at effekten av arbeidet vil vere:**

- Omlegging av gjødslingspraksis slik at gjødslinga vert meir balansert og klimavenleg
- Reduksjon av utslepp av lystgass, metan og ammoniakk frå gardar med mjølkeproduksjon.
- Mindre utvasking og avrenning av nitrat og fosfat frå gardar med mjølkeproduksjon.
- Betre utnytting av næringsstoffa vil i dei fleste tilfella gje mindre miljøbelastning og betre økonomisk resultat.



- Fokus på tiltak for å betre utnyttinga og redusere tapet av N, P og K pr daa, vil gje ringverknader til alle bønder med grovførbasert husdyrproduksjon. Informasjon om resultatata i prosjektet vil bli presenterte i fagartiklar, på fagmøte, på nettsider mm.
- Etter prosjektperioden forventar vi at norske grovførprodusentar har auka kunnskap og kompetanse om klimavenleg gjødsling og utslepp av klimagassar frå norske gardsbruk.

I 2014 har NLR-H arbeidd med testing og justering av programmet NLR Kretsløp Stolken i samarbeid med Wageningen universitet og fagmiljø i Norge. Det er utveksla kompetanse med fagmiljø i Norge, bl.a. Bioforsk v. Sissel Hansen, NILF v Helge Bonesmo og samla inn opplysningar frå mjølkeproduksjonsbruk og lagt data inn i modellen. NLR-H har fått ut analyseresultat for ein skilde bruk. Resultata er presentert for bonden, og drøfta med han.

I tillegg har det vore ulike fagmøte for bøndene i Hordaland:

- 06.01.2014 - Fagmøte Bondekafé Omvikdalen. Info om NLR Kretsløp Stolken.
- 18.02.2014 - Fagmøte Øystese. Info om NLR Kretsløp Stolken.
- 08.04.2014 - Omvikdalen. Maskindemonstrasjon spreiemetodar husdyrgjødsel og NH3 tap.
- 09.04.2014 - Fitjar. Maskindemonstrasjon spreiemetodar husdyrgjødsel og NH3 tap.

I september var det fagtur til Nederland med 50 deltakarar der eit av tema var Kretsløp Stolken og klimavenleg gjødsling. -Fagbesøket (02.09-05.09.2014) til Wageningen universitet sitt kompetansesenter «De Marke», mjølkeprodusent som deltek i Kringloopwijzer og fagfolk ved Wageningen Universitet.

I oktober (30.10.-31.10.2014) vart NLR Kretsløp Stolken, resultat til no og strategiar framover, presentert med fagforedrag, på «Miljømelkseminar» i Molde i regi av Bioforsk Tingvoll.

I november (10.11.-11.11.2014) vart NLR Kretsløp Stolken, resultat til no og strategiar framover, presentert med fagforedrag på Kursuka i regi av Norsk Landbruksrådgiving.

I desember har NLR-H arbeidd for å få etablert ei formell referansegruppe for prosjektet med representantar fra mjølkeprodusentene fra Hordaland, 2 stk., Tine, Bioforsk, NMBU og NLR. Dei vert kalla inn til møte i januar 2015 for å drøfte strategi, fagleg innhald og utvikling av NLR Kretsløp Stolken vidare.

## 2015

NLR Hordaland ynskjer i 2015 å arbeide vidare med å utvikle dataprogrammet NLR Kretsløp Stolken som vert brukt til klimagassrekneskap på gardsnivå. I 2015 vil vi prioritere desse oppgåvene:

### 1.1 Utprøving av NLR Kretsløp Stolken i pilotgruppa på 45 bønder i Hordaland

- Analysing av drifta ved hjelp av NLR Kretsløp Stolken, rekneskap og frå kukontrollen.
- Vurdere resultatet i kvar drift opp mot snitt-tal frå NLR Kretsløp Stolken.

### 1.2 Oppfølging i grupper og presentasjon av resultat på fagmøte for bønder i Hordaland

- Gjennomgang av resultat frå NLR Kretsløp Stolken
- Generell gjennomgang av kva som er viktige tiltak for å redusere klimagassar og ammoniakk i grovførproduksjonen, og kva som er viktige tiltak for å oppnå ein betre næringsstoffbalanse.

### 1.3 Individuelle mål, tiltak og handlingsplanar

- Fastsette mål for kvar deltakar i pilotgruppa.
- Føreslå tiltak for å redusere klimagassar og ammoniakk, og for å oppnå ein betre næringsstoffbalanse.
- Utarbeide individuelle handlingsplaner for kvar deltakar i pilotgruppa. Handlingsplanane skal innehalde tiltak for å sikre gode grovføravlingar på ein mest mogleg miljø- og klimavenleg måte.



#### 1.4 Presentasjon av modell og resultat

- Møte med fylkespolitikarane, presentasjon på nettsidene til HFK.
- Nasjonale fagmøte
- Artiklar i aktuelle fagblad og på eigne nettsider.

#### 4. VILKÅR FOR TILSKOTET.

- Tilsegnsinntakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Tilsegnsinntakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

#### Profilering

- I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsinntakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

#### Rapportering

- Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsinntakar sende sluttrapport til fylkeskommunen. Dette gjeld for alle prosjekt.
- *Sluttrapporten* skal seie noko om:
  - Bakgrunn for prosjektet
  - Mål med prosjektet
  - Oppnådde resultat
  - Vurdering mot oppsette mål
  - Oppsummering av prosjektarbeidet (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon m. v.)
  - Eventuell vidareføring av prosjektet

#### Utbetaling

- Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke. Når prosjektet er avslutta skal tilsegnsinntakar sende sluttrapport med sluttrekneskap til fylkeskommunen.
- Revisor skal attestere sluttrekneskapen.



## Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

## Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans.

Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

## 5. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Karen Nybø, 55 23 93 18, karen-louise-nybo@hfk.no.

Fylkeskommunen ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Gudrun Mathisen  
leiar

Karen Louise Nybø  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Akseptskjema

Kopi: Regionalavdelinga,  
v/Økonomi, kontostreng  
10.160.402.10507

***Tilsegnsnittakar må så snart tilsegnsbrevet er motteke signere vedlagte akseptskjema og sende i retur til Hordaland fylkeskommune, seinast innan 3 veker.***

## AKSEPTSKJEMA

### Klimaplanens handlingsprogram 2014

Prosjektnamn: Klimagassrekneskap på gardsnivå	Vår ref. (Doculive nr.) 2014/20763
Tilskot inntil kr: 175.000,-	Tilskotet gjeld til 01.12.2015

**Fyllast ut av tilsegnsmottakar:**

Tilsegnsmottakar:

Postadresse:

Kontaktperson:

Telefon/telefaks:

E-postadresse:

Org. nr. \_\_\_\_\_ Kto.nr.bank/post \_\_\_\_\_

**Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.**

Stad:..... Dato:.....

Signatur:.....

Prosjektansvarleg

**Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen**

